

JANICKE SCHØNNING



▲ Janicke Schønning Foto: Thomas Floyd.

NUMER VISER ARBEID av Janicke Schønning frå Oslo. Sidan masterstudiet i kunstfag på Kunsthøgskolen i Oslo (2010), har ho hatt atelier i skogen rett ved der ho bur. I direkte kontakt med skog, vatn og vind, malar ho observasjonane sine på papir med gouache og blekk. Naturkreftene set sin eigen signatur på verka.

Utrykket i bileta er i hovudsak abstraksjonar med glimt av figurative motiv. Dei kan oppfattast som ekspresjonistiske, då kunstnaren abstraherer

slik som naturen sjølv er non-figurativ i sine mønster og struktur. Det er difor ingen tvil om at skogen er motivet sjølv i dei mest abstrakte bileta.

I 2022 publiserte ho kunstnarboka *Skogsatelier* der ho også samstiller arbeida sine med foto av arbeidsprosessen som viser oss relasjonen mellom kunsten og skogen.



▲ Tjæreskrift (2021) Tjære på papir, 25x30 cm.

► Bushcraft salong (2021) Gouache på bomulserret, 100x65 cm, montert i skogen for utstillingen *Blå sti* i 2021.





▲ Informasjonsskilt (2021) tusj og gouache på papir i snekret treskiltramme, for utstillingen *Blå Sti* i 2021.

► Song of the Dead Wood (2023) Tusj og regn på papir, 100x80 cm.





▲ **Prosess Bilde** fra arbeidsprosessen i Grønnsjøelva, Luksefjell, 2019.

◀ **Waterfall Drawing III (2019)** Tusj og vann fra fossen i Grønnsjøelva, Luksefjell, 100x80 cm.